

Program for Gulen Venstre 2023–2027

# Venstre tar Gulen framover.



**Venstre er Noregs sosialliberale parti. Målet vårt er å skapa eit varmt og raust samfunn der alle blir gitt moglegheiter og har fridom til å bestemma over eige liv.**

**Eit samfunn der alle får verkeleggjort sine evner og kan bidra. Der du kan leva eit godt liv uansett kva livsfase du er i.**

### **Nysgjerrig på Venstre?**

Du finn meir om valgkampsakene og kandidatane våre på [gulen.venstre.no](https://gulen.venstre.no)



# Med Gulen inn i framtida

Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.

## Born og unge - ein god stad å vekse opp

Venstre ser ungar og ungdom som enkeltindivid og vil syte for individtilpassa opplæring.

Tilsette i skular og barnehagar må få tilstrekkeleg faglig utvikling. Skulane er også viktige miljøfaktorar i grendene, og med tanke på tilflytning og utvikling i grendene, er det viktig at kommunen har eit fullverdig barnehage- og skuletilbod slik det er i dag.

Skule- og barnehagestrukturen skal ikkje endrast i valperioden, men Venstre ser positivt på eit tettare samarbeid, særleg mellom ungdomsskulane.

### Venstre vil:

- sette av midlar til transport mellom skulane
- gje økonomisk støtte til utdanning av barnehagepersonell
- ha full barnehagedekning
- ha tilpassa opningstider i barnehagen
- ha auka grunnbemanning i barnehagane
- at barnehagane, også Hovden, skal ha eigne styrarar
- få på plass ein ungdomskontakt som kan drifte aktivitetar knytt til barn og unge.
- etablere samarbeid mellom ungdomsskulane, frivillighetssentralen og BUA

## Tilflytting og bustadbygging

Venstre vil at det alltid skal vere byggeklare tomter i dei fire tettstadene og i Hovden. Kommunen skal vere positiv til bustadbygging også utanfor byggefelt.

Gulen kommune skal særleg arbeide for at arbeidsinnvandrarar og flykningar vil sjå på kommunen som ein attraktiv stad å slå seg ned saman med sine familiar.

### Venstre vil:

- Bruke etableringslån frå Husbanken aktivt for å gjere det lettare for arbeidsinnvandrarar og flykningar å bygge bustad. Venstre vil også samarbeide med dei største arbeidsgjevarane for å få fleire til å slå seg ned i kommunen for godt.
- At kommunen skal gje vegleiing og hjelp i byggesaksarbeidet
- Vidareføre og eventuelt auke tilskota for unge husbyggarar
- Stå på for at NVE skal lage reelle skredfarekart for Gulen

## Helse og omsorg

Venstre vil at ein skal gje god og rett omsorg til dei som treng det – når dei treng det. Venstre vil prioritere førebyggjande tiltak slik at den einskilde kan få behalde ei god helse og ha mogelegheit til å bu heime så lenge som mogeleg.

### Venstre vil

- at det skal vere nok sjukeheimsplassar i kommunen. Sjukeheimen skal ha tilstrekkeleg plassar for avlastning, opptrening og rehabilitering.
- at kommunen skal legge betre til rette for aktivitetar og arbeid for unge og vaksne med spesielle behov eller psykiske problem
- at kommunen skal samarbeide med NAV for å få etablert Varig Tilrettelagt Arbeid

## Miljø

### Venstre vil:

- at det ikkje skal etablerast vindturbinar i naturen i Gulen
- gå gjennom kommunale bygg med tanke på energisparing
- bygge ut solsellepanel på kommunale anlegg
- stille seg kritisk til nye utsleppsløyve til sjø
- vere aktiv og open for endringar som trengs for det grønne skiftet

## Kultur

Kultursektoren i Gulen har i dag løyvingar som ligg langt under samanliknbare kommunar. Det er fordi kommunen i lang tid har satsa mykje på eit desentralisert skule- barnehage- og omsorgstilbod.

### Venstre vil

- prioritere born og ungdom på kulturfeltet
- fremje samarbeid mellom skulekrinsane for å skaffe eit større miljø og kunne gje born og ungdom eit betre tilbod og sette av økonomiske midlar til det

## Næring

Det viktigaste kommunen kan gjere for næringslivet er å ha planverktyet i orden, det vil sei oppdaterte og godkjende planar for alle sektorar i kommunen.

Kommunen må også ha eit effektivt og kompetent apparat for raskt å kunne behandle og ta stilling til dei initiativ som kjem frå næringslivet for vidare utbygging.

## Basseng

Venstre er utolmodige etter å få bassenget på plass. Men så langt har kommunen ikkje fått oversikt over kva det vil koste å bygge og drifte dette. Ein føresetnad for bassenget vil alltid vere at vi har økonomi til å drifte det – utan at det skal føre til kutt i andre viktige kommunale tenester.

### Venstre vil

- at det skal gjevast tilbod om terapibading i bassenget

## Påverking

Viktige samfunnsfunksjonar for gulingane ligg utanfor kommunen sitt mynde. Vi vil like vel vere med å påverke desse

### Venstre vil

- arbeide for ein betre standar på FV57 Sløvåg – Rutledal
- arbeide for eit betre mobilsamband i kommunen
- samarbeide med Masfjorden for at NGIR opprettar ein miljøstasjon i Sløvåg

**Våre kandidatar:**

**1. Andrine Sleire Tistel**



Eg er Andrine Sleire Tistel, 24 år gammel. Eg flytta til Hovden i 2020, er opprinneleg fra Sleire i Masfjorden. Ved førre kommuneval stod eg på 3.plass på lista til Masfjorden Venstre.

Eg ynskjer at Gulen skal vere ein god stad å bu og vekse opp i, for folk i alle aldrar. For at dette skal vere mogleg, må me ha gode oppvekstilbod, god eldreomsorg og fagkompetanse i alle ledd. Me skal ta vare på den flotte naturen me har i Gulen, og Gulen Venstre seier derfor eit klart nei til vindmøller. Eg ynskjer å ta vare på bygdene me har, derfor skal ikkje skule- og barnehagestrukturen i kommunen endrast i valperioden. Har gjennom livet budd forskjellige stader i landet, og fått erfart og sett eit mangfald av aktivitetstilbod for både born og vaksne. Dette er noko eg vil jobbe vidare med i Gulen.



2. kandidat Mona Haveland Midtun:  
-Eg vil jobbe for auka grunnbemanning i barnehagane.





3. kandidat Dennig Duranovic: -For meg er det viktig at det er tilrettelagt i lokalsamfunnet for sosial sammenkomst og fysisk aktivitet for alle.



4. kandidat Aslak Nyhammer:  
-Eg vil arbeide for å bevare skulestrukturen og barnehagestrukturen i kommunen.



5. kandidat Sirianne Dingen:  
-For meg er det viktig at der er arbeidsplassar og vekst i kommunen.

## KOMMUNEVALLISTE

### GULEN VENSTRE

1	Andrine Sleire Tistel	f. 1999
2	Mona Haveland Midtun	f. 1968
3	Denis Duranovic	f. 1986
4	Aslak Nyhammer	f. 1952
5	Sirianne Dingen	f. 2000
6	Ingebjørg Ragnhild Søreide	f. 1957
7	Veslemøy Dingen	f. 1974
8	Steinar Nese	f. 1989

## Venstre tar Vestland framover.

### Åsta Årøen

(Venstre sin 1. kandidat  
i Vestland):

– Det skal vera bra å leve,  
bu og arbeida i heile  
Vestland.

Venstre vil at Vestland  
skal vera eit miljøvenleg,  
bærekraftig og moderne  
fylke der menneske får  
like gode muligheiter  
til å lukkast.



### På fylkestinget i Vestland vil Venstre prioritere

- **å stanse klimaendringane og ta vare på naturen.**
- **å bygge eit grønt og moderne transportsystem.**
- **å motivera elevar til læring og følgje opp lærlingar**
- **å leggje til rette for eit nyskapande næringsliv.**



**VENSTRE**